

Frode Eide og Tove Leiknes Eide
Ikenberget 23
5911 ALVERSUND

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	137/564
15. 07. 2011	
Ark. saks saksh.	Løpnr.
2011/1125 LEIUR	Tilgangskode

13.07.2011

LINDÅS KOMMUNE
BYGGESAK
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Merete og Børge Brundtland
Ikenberget 25 a
5911 ALVERSUND

Viser til brev av 21.06.11 frå Lindås Kommune og brev frå eigarane av Ikenberget 25a, datert 30.05.11

Etter å ha motteke dette brevet melder det seg svært mange spørsmål for oss som no er eigarar av Ikenberget 23, ein eigedom me overtok 1.april 2011. Me har difor sendt dette brevet også direkte til eigarane av Ikenberget 25a.

Om denne muren, som er bygd for å demme opp for at stein ikkje skulle dette ut i den kommunale vegen, er bygd etter det løyve som var gjeve veit me ingen ting om for desse papira har me ikkje sett. Ber om å få tilsendt desse papira frå Lindås kommune. Etter dei karta me har fått kan me ikkje sjå at muren er satt opp ut forbi grensa. Om den er det må vel muren på Ikenberget 25a også vera sett opp ut forbi grensa, eller eig dei lenger ut i vegen enn oss? Me stiller oss også undrande til at eigarane av Ikenberget 25a tek dette opp med oss no, som nye eigarar. Kvifor tok dei det ikkje opp med dei som budde her før? Dei hadde tross alt bygd dette huset og sett opp denne muren. Kvifor vente til det kom nye eigarar? Me stiller oss også undrande til at eigarane av Ikenberget 25a sender dette brevet til dykk i Lindås Kommune utan å nevne dette for dei tidligare eigarane og heller ikkje til oss som no bur her. Seinast søndag 19.juni d.å. spurte vi ein av eigarane av Ikenberget 25a om ho visste kven som eig muren mellom eigedommane og ho svara at det visste ho ikkje heilt sikkert. Kvifor ikkje nemne den andre muren for oss? Då var jo brevet allerede sendt kommunen. Me ynskjer og å få svar på kven som eig muren, her meiner me den muren som grensar opp mot begge eigedomane.

Etter kva eigarane av Ikenberget 25a opplyser overtok dei eigdommen i august 2010. Reknar me at dei var på visning og overtok eigdommen slik den var ved besiktigelsen og då var jo denne muren der. Etter kva vi forstår er denne muren sett opp for fleire år

sidan og kvifor er det ikkje gjort noko fra kommunen si side hvis denne muren ikke er sett opp slik kommunen har gitt løyve til?

Har bilistane, som eigar av nr. 25a hevdar kvepp når dei kjem kjørande, klaga på denne muren på vår eigedom? Ein bør hugse på at ved avkjørselen oppe på Rv 565 kjører ein inn i ei 30 km sone.

Har eigarane av nr. 25a målt høgda på sin eigen mur, den som går i nedre del av eigedommen? Etter hva me kan sjå er den ca. 1,20 høg og den gjev vel då heller ikkje god nok siktsone. Då bør vel også denne muren utbetrast i samsvar med bestemmelser for siktsone.

Som de forstår set me som eigarar av Ikenberget 23 attende med svært mange spørsmål. Me har eigd denne eigedomen i to månadar når me mottek dette brevet.

Vonar på skriftleg svar både frå Lindås Kommune og eigarane av Ikenberget 25a.

Med venleg helsing

Frode Eide

FRODE EIDE

Tove Leiknes Eide

TOVE LEIKNES EIDE